

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/21	Formannskapet	PS	10.02.2021
006/21	Heradsstyret	PS	24.02.2021
004/21	Eldrerådet	PS	10.05.2021
005/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	10.05.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Pelle Engeseter	14/2100

Andre gongs handsaming - Plansak 12532015002 - Kommuneplanen sin samfunnsdel

Vedlegg:

Kommuneplanen sin samfunnsdel_endeleg med framsidebilete02

UTKAST SAMF PLAN 110619

Vedtak i sak 021 19 Utlegging til 1 gongs offetleg ettersyn

Melding om utsett offentleg ettersyn - samfunnsplanen (L)(431663)

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Osterøy kommune vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. PBL § 11-14.

Formannskapet - 005/21

FS - behandling:

Varamedlemmene forlot møtet.

Rita Tveiten, AP, og Ragnar Tyssebotn, FRP, kom tilbake i møtet. Fulltalig formannkap

Framlegg og votering/avrøysting finn du i møterapporten i bunn av protokollen.

FS - vedtak:

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Osterøy kommune vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. PBL § 11-14.

Heradsstyret - 006/21

HS - behandling:

Tone Mjelde, SV, gjorde slike framlegg om endring/tillegg: Nytt kulepunkt under: "Osterøy Kommune vil at barn, ungdom og unge vaksne utviklar relevant kunnskap, dugleik, haldningar og omstillingsevne for å leve eit godt liv": Nytt kulepunkt:- Styrke og vidareføre arbeidet med førebygging i kommunen, slik at barn og unge får tidligare hjelp. Dette arbeidet krev samarbeid på

tvers av tenester, sektorar, samt næringsliv og frivillig sektor.

Grunngjeving: Grunngjeving: Førebygging blir lovpålagt frå 2022 (jf barnevernreformen). Ein må i større grad koordinere arbeidet og vende blikket ut til andre ressursar i samfunnet vårt, som kan styrke førebygginga for barn og unge i kommunen."

Nytt kulepunkt under: "Osterøy Kommune vil at barn, ungdom og unge vaksne utviklar relevant kunnskap, dugleik, haldningar og omstillingsevne for å leve eit godt liv": Nytt kulepunkt: - Styrke Familiens Hus som eit kompetansesenter for innbyggjarar og tilsette i kommunen.

Grunngjeving: Frå 2022 vil både førebygging og tverrfagleg samarbeid vere ei lovpålagt oppgåve for kommunane (jf. barnevernreformen). Osterøy Kommune har allereie ei organisering med Familiens Hus, med potensiale for å løyse desse oppgåvene på ein god måte for innbyggjarane våre. Familiens Hus må ha nok ressursar til å både rettleie barnehagar, skular andre instansar, foreldre, barn og unge. Set ein inn ressursar tidlig i eit menneske sitt liv, kan ein førebygge vanskar seinare i livet, som er bra både for barnet, familien og kommuneøkonomien."

Punkt under: "Osterøy Kommune skal vere fossilfri i 2030. Blir endra. (Endringar er markerte med raudt)

- Alle kommunale køyretøy skal ha nullslipp innan 2025. Det blir gjeve unntak for køyretøy som ikkje er eigna som elbil, blant anna bilar til beredskap, teknisk etat m.m.

Grunngjeving: Rådmannen oppgjer at det er 35 bilar igjen som er fossilfrie. Arbeidet med å gjere desse om til el-bil bør bli prioritert så raskt som mogleg, både for økonomien til kommunen og klima. Me meiner 2030 er for lenge å vente til. Det bør bli gjevne nokre unntak i spesielle høve, og me legg difor dette inn i teksten."

Framlegga vart trekte før avrøysting.

Trude Tomren, MDG, gjorde slikt framlegg: 1. "(Osterøy kommune skal vere fossilfri innan 2030). Alle kommunale køyretøy skal ha nullutslepp innan 2030 vert endra til: Alle kommunale køyretøy skal vere utsleppsfrie innan 2025 der dette er mogleg."

Framlegget vart trekt før avrøysting.

Rita Tveiten, AP, gjorde slikt framlegg: "Avtalen om demensvenleg kommune kjem inn som nytt punkt under delmål for folkehelse."

Rita Tveiten, AP, gjorde slikt framlegg: "Osterøy kommune skal innlemma vedtaket om demensvenleg kommune i kommuneplanen sinsamfunnsdel."

Rita Tveiten, AP, gjorde slikt framlegg: "Osterøy kommune skal byggja inn vedtaket om demensvenleg kommune i kommuneplanen sin samfunnsdel."

Framlegga vart trekte før avrøysting.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert sendt i retur for omarbeiding. Grunngjeving: Framlegget til plan er ikkje til gagn for ei vidare utvikling på Osterøy, slik den no ligg føre. Det er vesentlege endringar i denne versjonen i høve til den versjonen som vart lagt på høyring sist. Mellom anna er punkt som omhandlar landbruk falle ut, og me har ikkje lagt opp til å nytte eksisterande infrastruktur i utbygging. Me dreg og utbygging mot fortetting, utan at det er noko som tyder på at dette er konsekvensutgreidd med omsyn til utviklinga på resten av Osterøy. Dette vert teke inn og planen kjem attende til HS i neste møte."

Framlegget vart trekt før avrøysting.

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 20.03 - kl. 20.10 med gruppemøte for FRP og SP

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg, nr. 1: "Osterøy kommune skal tilretteleggje for bygging i alle bygder, der det er etablert kommunal infrastruktur. Dette vert lagt arbeidd inn i plantekst før planen vert lagt på høyring." og
"Punkt: Ordlyd som seier "hovudtyngda" i samband med bustadbygging vert endra til "mykje". dette gjeld 2 kulepunkt side 24."

Tone Mjelde, SV, gjorde på vegne av SV og MDG slikt framlegg: Nr. 1: "Punkter 1. Alle kommunale kjøretøy skal ha nullutslipp innan 2025 der dette er mogeleg."

Lars Fjeldstad, SP, gjorde på vegne av SP og FRP slikt framlegg: "Nytt punkt som skal plasserast inn der det passar dvs i tema vern av matjord. Der andre viktige utviklingsføremål gjer det uungåeleg å bygge ut på matjord, skal jordressursane takast vare på og brukast til å etablere ny eller forbetre allereie eksisterande matjord innad i kommunen."

Bjarte H. Aarland, KRF, gjorde slikt framlegg: "Punkter 1. S. 14 etter avsnittet om Trygge nærmiljø Eit demensvennleg samfunn- Osterøy kommune har vedteke å verte eit demensvennleg samfunn. Dette er eit omfattande og sektorovergripande arbeid som rører ved mange sider av samfunnslivet. Særskilde omsyn må takast i plan- og reguleringsarbeid, opplæring av kommunalt tilsette og samarbeid med lag/organisasjonar og andre samfunnskritiske funksjonar."

Tone Mjelde, SV, gjorde slikt framlegg: Nr. 2: "Punkter 1. Nytt kulepunkt under: "Osterøy Kommune vil at barn, ungdom og unge vaksne utviklar relevant kunnskap, dugleik, haldningar og omstillingsevne for å leve eit godt liv": Nytt kulepunkt:- Styrke og vidareføre arbeidet med førebygging og tverrfagleg samarbeid i kommunen, slik at barn og unge får tidligare hjelp. Dette arbeidet krev samarbeid på tvers av tenester, sektorar, samt næringsliv og frivillig sektor."

og

nr. 3: "Punkter 1. Under målet "Osterøy Kommune vil at barn, ungdom og unge vaksne utviklar relevant kunnskap, dugleik, haldningar og omstillingsevne for å leve eit godt liv": Me føreslår å stryke deler av kulepunkt 2: Forslag å stryke det som er raudt i setninga "Tidlig innsats på tvers av avdelingane. Fokusere på grunnleggande dugleik i lesing, rekning, engelsk og digital kompetanse i helsefremjande læringsmiljø".

Grunngjeving: Me meiner dei nye forslaga til kulepunkt dekkjer punktet om tidlig innsats. Dette forutsetter at dei andre kulepunkta går gjennom."

Johannes Haugland, SP, gjorde slikt framlegg: " Forslag nr. 1: 1.Under punktet Integrering s. 14 endres overskrift og første setning til ;
Integrering og likestilling Eit inkluderande, likestilt og mangfaldig samfunn er kulturelt betinga og byggjer på verdiar som respekt og toleranse for det som er annleis enn oss sjølve og at ingen vert ekskludert. 2. 2 3. 3."

Forslag nr. 2 Under punktet målretta miljø- og klimapolitikk s. 20, tredje avsnitt første kulepunkt endres til; Osterøy kommune skal vera fossilfri innan 2030. Første kulepunkt; Alle kommunale kjøretøy skal ha nullutslipp innan 2030, der det er mogeleg.

Forslag nr. 3. Forslag nr. 3 Under punktet område for næring s. 25, nytt kulepunkt; Osterøy kommune skal ha eit aktivt og levande landbruk som legg tilrette for bruk av lokale ressursar der dyrka mark vert tatt vare på for lokal matproduksjon, men og for å ta vare på kulturlandskapet."

Trude Tomren, MDG, gjorde slikt framlegg: "Tillegg til framlegg frå SP om aktivt og levande landbruk: ... kulturlandskap, og sikre matjord frå nedbygging."

og

"Punkt

1. (Kommunale innkjøp skal vere grøne)

Tillegg: Før det vert gjort kommunale innkjøp, skal gjenbruk og/eller reparasjon av eksisterande materiale vere vurdert. Der det er tenleg skal det òg vurderast å kjøpe brukt."

Tone Mjelde, SV, gjorde slikt framlegg: Nr. 4: "Punkter1. Nytt kulepunkt under: "Osterøy Kommune vil at barn, ungdom og unge vaksne utviklar relevant kunnskap, dugleik, haldningar og omstillingsevne for å leve eit godt liv": Nytt kulepunkt:- Ferdigstille og ta i bruk handlingsplan mot vald i nære relasjonar.

Grunngjeving: Vald i nære relasjonar får enorme konsekvensar for folkehelsa. Det er heilt naudsynt at vald/overgrep er tematisert i denne planen. Ein handlingsplan mot vald i nære relasjonar blir arbeida med pr dd. og må ferdigstillast og takast i bruk så fort som mogleg, slik at kommunen får ein heilskapleg og kordinert innsats mot vald og overgrep i kommunen."

og

nr. 5: "Punkter 1. Nytt kulepunkt under: "Osterøy Kommune vil at barn, ungdom og unge vaksne utviklar relevant kunnskap, dugleik, haldningar og omstillingsevne for å leve eit godt liv": Nytt kulepunkt: - Sikre at alle tilsette som arbeider med barn og unge i kommunen veit kva innstansar dei skal kontakte om eit barn treng hjelp.

Grunngjeving: Det er behov for jamnleg informasjon til tilsette, slik at dei tilsette har handlingskompetanse dersom dei er bekymra for eit barn. På den måten får barn og unge tidlige hjelp, vanskane kan lettare løysast og konsekvensane for barnet blir mindre."

og

nr. 6: Nytt kulepunkt under: "Osterøy Kommune vil at barn, ungdom og unge vaksne utviklar relevant kunnskap, dugleik, haldningar og omstillingsevne for å leve eit godt liv": Nytt kulepunkt: - Ha nullvisjon for mobbing i barnehagar og skular."

AVRØYSTING

Johannes Haugland, SP sitt framlegg nr. 1 - vedteke med 22 røyster
(5SP,4AP,1MDG,1V,2SV,3H,6FRP)

mot 5 røyster (3KRF, Ole J. Mjøs, H,

K.A.Hartveit,FRP)

Tone Mjelde, SV sitt framlegg nr. 5 - fall med 16 røyster (3KRF, 7FRP, 1H(H. H. Gislason),
5SP)

mot 11 røyster (1V,4AP,2SV,3H,1MDG)

Tone Mjelde, SV, sitt framlegg nr. 4 - fall med 21 røyster (1MDG,1V,3KRF,4AP,4H,1SP(L.
Fjeldstad), 7FRP

mot 6 røyster (2SV, 4SP)

Tone Mjelde, SV, sitt framlegg nr. 6 - samrøystes vedteke

Trude Tomren, MDG, sitt framlegg - vedteke med 25 røyster
(5SP,1MDG,1,2SV,3KRF,4AP,4H,5FRP)

mot 2 røyster (2FRP (R.J. Tyssebotn og K.A.Hartveit)

Framlegg frå SV/MDG om nullutslepp - fall med 24 røyster(5SP,1V,3KRF,4AP,4H,7FRP) mot
3 røyster(2SV,1MDG)

Alf T. Mortensen, FRP, sitt framlegg , - fall med 16 røyster
endring til "mykje" bustadbygging

(1MDG,1V,3KRF,4AP,4H,2SV,1SP(L.Fjeldstad)

mot 11 røyster (7FRP,4SP)

Johannes Haugland, SP, sitt framlegg nr. 2 - vedteke med 21 røyster (5SP,1MDG,3KRF,4AP,1H
(A.Mjøs), 7FRP

mot 6 røyster (1V,3H, 2SV)

Johannes Haugland, SP, sitt framlegg nr. 3 - samrøystes vedteke

Trude Tomren, MDG, sitt framlegg om tillegg - vedteke med 19 røyster
(1MDG,3KRF,2SV,4AP,4H,5SP) mot 8 røyster (1V,7FRP)

Tone Mjelde, SV, sitt framlegg nr. 2 - vedteke med 25 røyster
(1MDG,1V,2SV,3KRF,4AP,4H,5SP,5FRP)
mot 2 røyster (2FRP, R.J.Tyssebotn, K.A. Hartveit)

Bjarte H. Aarland, KRF, sitt framlegg - samrøystes vedteke

Alf T. Mortensen, FRP, sitt framlegg nr. 1 - vedteke med 26 røyster
(5SP,1MDG,1V,3KRF,2SV,4AP,3H,7FRP)
- mot 1 røyst (1H, H.H.Gislason)

Lars Fjeldstad sitt framlegg - vedteke med 26 røyster
(5SP,1MDG,1V,3KRF,2SV,4AP,3H,7FRP)

mot 1 røyst (1H, B.M.Borge)

Tone Mjelde, SV, sitt framlegg nr. 3 - vart ikkje røysta over då føresetnadene for
framlegget ikkje lenger var til stades

Formannskapet si innstilling med slike endringar som
vedteke i møtet - samrøystes vedteken
(5SP,1MDG,1V,2SV,3KRF,4AP,4H,7FRP)

HS - vedtak:

"Kommuneplanen sin samfunnsdel for Osterøy kommune vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentlig ettersyn, jf. PBL § 11-14 med slike endringar/tillegg som vedtekne i møtet:

- **Osterøy kommune skal tilretteleggje for bygging i alle bygder, der det er etablert kommunal infrastruktur. Dette vert lagt inn i plantekst før planen vert lagt ut på høyring**
- **Nytt punkt som skal plasserast inn der det passar dvs tema matjord: Der andre viktige utviklingsføre mål gjer det uunngåeleg å bygge ut på matjord, skal jordressursane takast vare på og brukast til å etablere ny eller forbetre allereie eksisterande matjord innad i kommunen.**
- **Punkter 1, s. 14 etter avsnittet om Trygge nærmiljø. Eit demensvenleg samfunn - Osterøy kommune har vedteke å verte eit demensvenleg samfunn. Dette er eit omfattande og sektorovergripande arbeid som rører ved mange sider av samfunnslivet. Særskilde omsyn må takast i plan- og reguleringsarbeid, opplæring av kommunalt tilsette og samarbeid med lag/organisasjonar og andre samfunnskritiske funksjonar**
- **Punkter 1. Nytt kulepunkt under: "Osterøy Kommune vil at barn, ungdom og unge vaksne utviklar relevant kunnskap, dugleik, haldningar og omstillingsevne for å leve eit godt liv": Nytt kulepunkt:- Styrke og vidareføre arbeidet med førebygging og *tverrfagleg samarbeid* i kommunen, slik at barn og unge får tidligare hjelp. Dette arbeidet krev samarbeid på tvers av tenester, sektorar, samt næringsliv og frivillig sektor.**
- **Nytt kulepunkt under *Osterøy kommune vil at barn, ungdom og unge vaksne utviklar relevant kunnskap, dugleik, haldningar og omstillingsevne for å leve eit godt liv*: Nytt kulepunkt: Ha nullvisjon for mobbing i barnehagar og skular.**
- **Under punktet Integrering s. 14 endres overskrift og første setning til ; Integrering og likestilling: Eit inkluderande, likestilt og mangfaldig samfunn er kulturelt betinga og byggjer på verdiar som respekt og toleranse for det som er annleis enn oss**

sjølve og at ingen vert ekskludert.

- Under punktet målretta miljø- og klimapolitikk s. 20, tredje avsnitt første kulepunkt endres til; Osterøy kommune skal vera fossilfri innan 2030. Første kulepunkt; Alle kommunale kjøretøy skal ha nullutslepp innan 2030, der det er mogeleg.
- Under punktet område for næring s. 25, nytt kulepunkt; Osterøy kommune skal ha eit aktivt og levande landbruk som legg tilrette for bruk av lokale ressursar der dyrka mark vert tatt vare på for lokal matproduksjon, men og for å ta vare på kulturlandskapet og sikre matjord frå nedbygging.
- Kommunale innkjøp skal vere grønne
Tillegg: Før det vert gjort kommunale innkjøp, skal gjenbruk og/eller reparasjon av eksisterande materiale vere vurdert. Der det er tenleg skal det òg vurderast å kjøpe brukt."

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 005/21

RFF - behandling:

Plansjef Pelle Engesæter møtte og hadde presentasjon av Samfunnsplanen i fellesmøte med Eldrerådet.

Han orienterte kort om planprosessen, samanhengen med økonomiplanen og viktige tema i planen, herunder folkehelse, samskaping, berekraft og klimaomsyn.

Framlegg til felles uttale frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet:

"Råda er glade for at det er kome ein overordna samfunnsplan for Osterøy kommune. Råda minner om reforma "Leve heile livet", og ber om at denne blir teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Planframlegget vert teke til etterretning, og ser fram til vidare oppfølging av denne planen i kommunen."

AVRØYSTING

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RFF - vedtak:

"Råda er glade for at det er kome ein overordna samfunnsplan for Osterøy kommune. Råda minner om reforma "Leve heile livet", og ber om at denne blir teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Planframlegget vert teke til etterretning, og ser fram til vidare oppfølging av denne planen i kommunen."

Saksopplysningar:

SAKSOPPLYSNINGAR

SAKSOPPLYSNINGAR

Samanfatning

Saka gjeld 1.gongs høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanen sin samfunnsdel, jf PBL §11-14 (vedlegg 1). Samfunnsdelen skulle etter ordinær saksgang har vore sendt på 1-gongs høyring i juni 2019, men vart utsett grunna at kommunen vart med KS-prosjektet «Samfunnsdelen som lokalpolitisk styringsverktøy». Planarbeidet vart teken opp att i 2020 med det nye heradsstyret.

Planen som no ligg føre er ein omarbeidd og utvida versjon av planen frå 2019 (vedlegg 2) der alle endringsframlegg frå sak 021/19 er bakt inn i planen, saman med innspel frå politikarsamlinga 3. juni 2020 og faglege innspel frå sektorane. I tillegg har det kome gode faglege innspel frå KS/Asplan Viak og dei andre deltakarkommunane i KS-prosjektet.

Bakgrunn

Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteke av heradsstyret 17.06.2015. Samfunnsplanen har blitt utarbeidd i tett samarbeid med ei politisk arbeidsgruppe med ein person frå kvart politisk parti frå heradsstyret. Arbeidsgruppa har gjennom tematiske dialogmøte i 2017 saman med administrasjonen forma overordna føringar, mål og tematisk fokus i planen. Samstundes har dei sikra at planen har fått god politisk forankring.

Planen var oppe til 1. gangs handsaming i heradsstyret, sak 021/19, dagsett i 28.05.2019 (vedlegg 3). Det vart samrøystes vedteke å leggje planen ut på høyring etter at vedtekne endringsframlegg var tekne inn i planen. Kommunen vart om lag samstundes med i KS-prosjektet «Samfunnsdelen som lokalpolitisk styringsverktøy». Rådmannen vurderte difor i brev datert 26.06.2019 (vedlegg 4) at samfunnsplanen ikkje burde ut på høyring før etter at det er valt nytt heradsstyre slik at det nye heradsstyret vil få høve til å påverke prosessen for å oppnå ei betre kopling mellom handlingsdel og økonomiplan. Følgja var at heradsstyret sitt vedtak ikkje vart gjennomført som planlagd, men vart utsett til etter kommunevalet i 2019.

Planarbeidet vart teken opp att i 2020 med det nye heradsstyret. Rådmannen gjennomførte 3. juni 2020 eit politisk arbeidsmøte med heradsstyret om mål og fokus i planutkastet. Møtet vart gjennomført i samarbeid med Asplan Viak.

Planen som no ligg føre er ein omarbeidd og utvida versjon av planen frå 2019 der alle endringsframlegg frå sak 021/19 er bakt inn i planen saman med innspel frå politikarsamlinga 3. juni 2020 og faglege innspel frå sektorane. I tillegg har det kome gode faglege innspel frå KS/Asplan Viak og dei andre deltakarkommunane i KS-prosjektet.

Det vert synt til vedtak i sak 021/19: Kommuneplanen sin samfunnsdel 2019-2030: «Kommuneplanen sin samfunnsdel vert lagt ut til 1. gongs offentleg ettersyn, jf. PBL § 11-14, etter at følgjande endringar har vore gjort i dokumentet:» Endringsframlegga er vist i vedlagt protokoll frå møtet.

Overordna mål og intensjonar i planutkastet frå 2019 er teke omsyn til i den omarbeida utgåva, men er supplert med operasjonelle delmål henta frå nasjonale mål og føringar. I tillegg er det henta inn mål frå sektorane som rådmannen meiner bør inngå i samfunnsdelen. FN sine berekraftsmål, saman med folkehelse, klimaomsyn, samfunnstryggleik og samskaping (det 17. berekraftsmålet) utgjer dei overordna rammene for planen.

I den omarbeida versjonen er målstrukturen endra slik at alle mål er knytt opp mot ein av dei tre overordna berekraftsmåla knytt til miljømessig, sosial og økonomisk berekraft:

- Mål 1: Målretta miljø og klimapolitikk
- Mål 2: Gode levekår og attraktive lokalsamfunn, og
- Mål 3: Framtidsretta og mangfaldig næringsliv.

Dette er synt i figur på side 18. Det er etablert strategiar knytt til kvart av delmåla som syner korleis

ein skal oppnå måla.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal gje overordna føringar og mål for kommunen sine prioriteringar og utvikling i planperioden. Dette gjeld også bruk og forvaltning av areal. Kommunal arealstrategi er lagt inn i den omarbeida utgåva av samfunnsdelen. Arealstrategien gir føringar for den overordna arealbruken i Osterøy kommune.

Tidsperioden er endra slik: Grunna utsetjinga har samfunnsdelen fått endra tidsperiode frå 2019 – 2030 til 2020 til 2030.

For samfunnsdelen 2020-2030 vil økonomiplanen, til anna vert vedteke, utgjere handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel. Handlingsdelen skal syne korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra (valperioden) eller lenger. Handlingsdelen skal reviderast årleg.

RÅDMANNEN SI VURDERING

Med bakgrunn i saka slik det er gjort greie for rår ein til at kommuneplanen sin samfunnsdel vert sendt på høyring og offentlig ettersyn.